

## **Sunnhordland Ferjereferi A/S u/s**

v/ Prosjektutvikling Dagfinn M. Fylkesnes 5416 Stord

Org.nr: 948103990

Stord 27. september 2016

### **Hordaland Fylkeskommune**

**Samferdselsavdelingen / Forvaltningsseksjonen 5020 Bergen**

#### Søknad om ruteløyve for ferjedrift i Sunnhordland: Sunde i Kvinnherad kommune og Jektavik i Stord kommune.

Det har vore ferjesamband i mange år tidlegare på Sunde – Jektavik, riktig nok berre med to turar per døgn. Dette sambandet vart nedlagt i 2008.

Søker og om bruk av ferjekaiene på desse to stadane. Ferjekaien på Sunde er 100% ledig. Men oppstillingsfeltet for ferjebilane er for tida "heilt okkupert" av parkerte bilar, på tvers av kjørefeltet. Dette på grunn av stor parkering på dagtid av pendlarar med hurtigbåtane. No er Statens Vegvesen avd. Odda i samarbeid med Kvinnherad Kommune i aktivitet med utarbeiding av ny plan for ny stor parkeringsplass parallelt med kaien. Behovet her er nok over 200 nye P-plassar.

**Når det gjeld Jektavik ferjekai,** har me ferja som trafikkerer Hodnanes og Huglo. Dette eksisterande ferjesambandet har sjølv sagt førerett Liggetid, eller rettare sagt kontakttid med ferjekaien her er på 3-5minutt ved kvart anløp. Og fire gonger i løpet av dagen har ferja pausar ved kaien på 15-20 minutt, lading? Vårt ruteprogram er styrtdt, og tilpassa Jektavik-ferja, med anløp ca 10-15 minutt etterpå.

**NB! Stord kommune har reguleringsplan** for enda tre oppstillingsrekker på høgre side av dagens. I følge plansjef Ove Kvalnes, gjennomførte ei utviding for få år sidan, og såg den gong ikkje behov for full utbygging. Godkjent plan er altså på plass, og enkel utsprenging av klargjort fjell skulle vera kurant. Dersom behovet no truleg melder seg.

**Aksjeselskapet Sunnhordland Ferjereferi A/S (u/s) er under stifting.** Regnskap og Rådgivingsfirma Kontado A/S ved Stein Tveit 5400 Stord har påtatt seg arbeidet, inkludert valg av styre og styreleder, samt tilsetting av daglig leder med aktuelle attester fra politi, skattemyndighet og konkursattest.

**Vi ser fram til tildeling av ferjeløyve,** og at dette bør kunne avgjerast administrativt. Viser til vedlagde informasjon fra NRK Rogaland og intervju med Fylkesordfører Janne Johnsen i Rogaland. Også klar tale fra Samferdselsdepartementet til Forsand Kommune i mai 2015:

*”Korkje staten eller Fylkeskommunen kan etablere slike samband ved tilskott etter at Ryfast er åpne, men det er ikkje heimel for å nekte privat ferjedrift over Høgsfjorden”*

***Seilingsplanen vår viser rute gjennom Laukhammarsundet. Flott og spanande natur. Trur dette vert den finaste ferje strekninga i Sunnhordland.***

***Ruteplan følgjer vedlagt.*** Denne er endå ikkje 100% . Me vil setja inn to ferjer med totalt 41 turar måndag til torsdag, med avgangar ca kvar 45minutt. Fredag kjører vi 45 turar. Laurdag ei ferje med 14 turar med avgang kvar 90 minutt. Søndag ei ferje med 16 turar kvart 90minutt. Her trur me det er større behov for to ferjer ein del av dagen og kommer til å auke til to ferjer med 45. minutts avgangar etter behov, til totalt ca 25 avgangar.

***Ferjer som er aktuelle er kjøp eller leige i størrelse max 49Pbe eller opptil 60-70 pbe. Har innleia samtaler om kjøp av handlingtjenester frå OFS Osterøy.***

***Prisvurdering for billettar med ferjerute utan tilskot frå staten er svært vanskeleg.*** Og ein må vurdere konkurransen frå andre tilbod i området. Ein kan heller ikkje kalkulere for lågt, særleg i oppstartåret. Og me startar opp med innbyding til alle bedrifter og private om å bli aksjonærar i sitt eige lokale ferjerederi. God økonomi er vesentlig, og ordinært pris for vanleg personbil inntil 6meter, vil truleg ha pris ca 248,- Alle reisende med ferjekort/ rabattkort får 50% rabatt. Slik også hos oss. Så ein betaler då kr 124.- Dette er prisen økonomisjefen anbefaler.

***Vår målsetting er: Kunden, trafikkantane er viktigast.*** Me ynskjer dei skal oppleve: Enklare vesentlig betre ferjetilbod, Raskare og med hyppigare avgangar. Vårt mål innan to år er avgangar kvar 30. minutt frå begge sider. Vårt nye samband vert det kortaste direkte over fjorden, OG MED DIREKTE INNKJØRING PÅ E39. + Ekspressbuss / Kystbussen med 31 avgangar per dag. 16 mot Nord, Bergen . Og 15 mot sør Haugesund / Stavanger.

***Prosjektutvikling v/ Dagfinn M. Fylkesnes sign. e-post dagfinn47(a)sklbb.no***

***Vedlegg 1.***Innledning. Trafikkutvikling siste 14 år.(4 foilar) Bakgrunn. Kart

***Vedlegg 2*** Ruteplan.

***Vedlegg 3.***Pressemeld om parallell sak. Forsand kommune / Høgsfjordferja –open for privat ferjedrift.

***Vedlegg 4.*** Parallell sak. Privat ferje, avslag Fylkeskommunen og Storting 2015. Godkjent av Samferdselsdepartement. **Det er ikkje heimel for å nekte privat ferjedrift over Høgsfjorden.**